Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Herefoss.

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: Asborg Langemyr Gard:

(adresse): Herefoss G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Olav A. Gauslå, bonde, 69 år.

SVAR

Det vanlege ordet her i bygda
er bryne og å bryna. Eldre folk
kjenner ikkje til noko anna namn.
Bryna er av kunststein, men
helst av naturstein. Her i bygda
finst ikkje slik stein, så bryna
må kjøpast, og det er fortalt
at i eldre tid kom brynesteinen
hertil serleg frå Hardangen.
Reidskapar blir først slipa og så
brynt, då dei har funne ut at
det blir dårleg med berre bryning.
Dei eg har tala med kan ikkje
minnast dei har høyrt tale om
anna enn sliping av ljåar og
andre reidskapar.
Far til Ola Alfsen Gauslå som
her i bygda er best kjent om
alt gamalt, hadde ei steinhelle
som blei bruka til slipestein
frå gamal tid. Han kunne
minnast ho då ho var heil. No
er det berre stykke att og Ola A.
Gauslå har dei på garden sin

2282

Utanom ljåbrynet som er spist
til den eine enden, hadde dei
fôr noko dei kalla „semm".
Det var eit stort bryne som og
fleire seg. Av di dei sende det
frå mann til mann trur O. A.
Gauslå at dei kalla det „semm".
Det blei bruka i hans barndom
ca 60 år sidan. Dei bruka det i
skogen til å ~~skjera~~ skerre opp
øksane og ljåane i staden for
slipestein
Slipesteinen står ved husa. Einast
når folk skal på utslåtter og
vera borte fleire dagar, tek dei
slipesteinen med seg, eller dei
har ein slipestein ståande ved
ei utløe. Den slipesteinen er gjuen
liten og meir hendig å dra på.
Ljåane blei slipt, og eg har ikkje
høyrt nokon som er redd for å slipa
Attåt brynet er så bruka
strykestikka. Ein fortalde meg
at far hans bruka aldri bryne,
berre strykestikka. Stryke-
stikka var laga av hardt tre
t. d. eik som hadde legi lunge.
Så hakka dei treet opp og strødde
på sand. Brynestikka hadde
ein krok så dei kunne hefte
ho fast i livgjorda.
Skal så ljåen slipast, det dugde
ikkje lenger med „brynestikka"

2282

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller brynt, så tok di ljåen av orvet og heldt egga frå seg på steinen medan ein annan drog steinen rundt. Slipesteinen stod i „slipetrö", og i den må alltid vatn til slipinga. Det var og vanleg å spytta på brynet ved bryning. Det er berre langorv som har vore bruka her, og når ljåen skulle brynast, var han fast på orvet med eggen ned.

Brynen av kunststein skulle helst ikkje vætast. Gruset som kjem fram ved sliping og bryning, blir kalla slipegrus og bryningrus. Men gruset har aldri vori nytta på nokon slag vis. Brynsteinen skulle brennast og det kalla di å „steike" brynet.

2282
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING